



SULA KOMMUNE

REGLEMENT FOR VERVA SOM ORDFØRAR OG VARAORDFØRAR

I. FUNKSJON

Ordføreren sitt mynde og oppgaver er regulert i [kommunelova § 6-1](#).

Ordføreren er den fremste tillitsvalde blant medlemene i kommunestyret og formannskapet.

Ordføreren er kommunen sin representant utad og er bindeledd og formidlar av synspunkt mellom dei folkevalde og administrasjonen.

Ordføreren er kommunen sin talsperson ved krisehendingar, om ikkje ordførar har gitt dette ansvaret til annan.

Vervet som varaordfører har ikkje sjølvstendige funksjonar med lovpålagte oppgaver anna enn å fungere som ordførar når ordføreren trer midlertidig ut av sitt verv eller når ordføreren har fråvær. Dette kan bl.a. skje når ordførar har levert sjukemelding. Varaordførar skal frå same tid ha godtgjersle lik ordførar si.

II. OPPNEMNING

Kommunestyret vel sjølv blant formannskapet sine medlemmer ordførar og varaordfører. Valet gjeld for heile valperioden. Trer ordføreren midlertidig ut av sitt verv rykker varaordføreren opp som ordførar og det skal bli vald ny mellombels varaordførar.

III. MØTELEIING OG MØTERETT

Ordføreren leier møta i kommunestyret, formannskapet og elles dei organ han eller ho er oppnemnt som leiar for. Ordføreren har møte-, tale- og forslagsrett i alle kommunale organ, med unntak av i kontrollutvalet der ordførar berre har møte- og talerett. Ordføreren har berre stemmerett i organ der han eller ho er vald medlem. Ordføreren kan la seg representere ved eit anna medlem av kommunestyret i organ der han eller ho ikkje er medlem. Jf. [kommunelova § 6-1](#).

IV. RETTSLEG REPRESENTANT. UNDERSKRIFT PÅ KOMMUNEN SINE VEGNER

1. Ordføreren er rettsleg representant for kommunen og skriv under på vegner av kommunen i alle tilfelle der myndet ikkje er tildelt andre etter delegasjon, eller fastsett i lov eller forskrift.
2. Er ordføreren inhabil i sak som fell inn under nr 1, vert dokument skriven under av varaordføreren.

V. VARAORDFØRAR – FUNKSJON SOM ORDFØRAR

1. Er ordføreren borte frå kommunen, må han eller ho sjølv varsle dersom fråveret vil føre til at vervet mellombels ikkje kan bli utøvd. Først etter at ordføreren har gitt slikt varsel til varaordføreren, politisk sekretariat og kommunedirektør, kan varaordføreren tre inn i ordføreren sin funksjon.
2. Dersom varaordfører trer inn i vervet som ordfører, må formannskapet velje ny mellombels varaordfører.
3. Varaordføreren trer også inn i ordføreren sin stad når:
 - a) ordføreren er sjukmeld i same omfang som ordførervervet er fastsett til,
 - b) ordføreren grunna tenestereise eller ferie er berekna å være borte frå kommunen i meir enn ei veke,
 - c) det oppstår einskildhøve som krev rask handling og det syner seg umogleg for ordføreren å ivareta ordførarfunksjonane.
3. Ordføreren kan la seg representere av varaordføreren i representasjonsoppdrag og andre samanhengar. I slike samanhengar opptre varaordføreren som varaordfører og ikkje som ordfører.

VI. BRUK AV ORDFØRARKJEDE

1. Intensjonen er at ordførerkjedet skal symbolisere verdigheita til kommunen sin fremste representant i utøvinga av gjerninga som ordfører i høgtidelege samanhengar, både i og utanfor kommunen, som f.eks:
 - a) Mottaking i kommunal regi
 - b) Middagar og andre tilstellingar der kommunen er vertskap
 - c) Innviing av offentlege anlegg når ordføreren står for innviinga

- d) Opning av større møte, kongressar og liknande der ordføraren representerer Sula kommune
- e) Overrekking av offisielle utmerkingar / heidersteikn
- f) Offisielle besøk av kongelege personar, medlemmar av regjeringa, og dessutan evt. besøk av utanlandske statsoverhovud og regjeringsmedlemmar
- g) 17. mai-arrangement der ordføraren representerer Sula kommune.

2. Kjedet skal ikkje bli brukt i ordinære kommunestyremøte.

3. Kjedet kan berre bli brukt av den valde ordførar / varaordførar.

4. Kjedet skal bli brukt og bli overrekt ved skifte av ordførar.

5. Kjedet skal normalt ikkje blir brukt saman med dekorasjonar, heidersteikn, medaljar, uniform, utmerkingar o.l. Dette gjeld òg andre jakkeslagmerke eller anna som kan virke forstyrrande.

6. Kjedet skal bli brukt utanpå fint og korrekt antrekk og skal normalt ikkje bli bært utanpå ytterkle.

7. Kjedet skal berre bli brukt internt i eiga kommune. Skal kjedet bli brukt i ei anna kommune, skal dette bli avtalt med den aktuelle kommunen på førehand.

8. I tillegg gjeld skjøn.

9. Varaordførar kan bruke ordførarkjede etter reglane i dette kapittelet når han fungerer for ordføraren, ref kapittel 7.

VII. IVERKSETTING

Dette reglementet er vedtatt av Sula kommunestyre i møte 16.12.2020, sak 128/20, og gjeld frå 01.01.2021.

Samstundes vert alle tidlegare reglement oppheva.

Endring i dette reglementet kan berre bli gjort av kommunestyret.